

Galleri Lista Fyr

1. april 2001

«Inn i 1001 natt» var tittelen på forteljarprogrammet som Anne Elisebeth Skogen framførte i Galleri Lista Fyr søndag den 1. april 2001. Her la ho, som i ei kinesisk eske, den eine forteljinga inn i den andre, fritt fortalt, stundom til tonefylje frå ein gamal harpeleik. Dette instrumentet var òg med i rammeforteljinga om feiaren frå hennar eigen barndom.

Slik som kjennemerket er for den gode forteljar, fletta ho historiane saman til eit heile med mange lag av opplevingar både for dei yngste i forsamlinga og dei eldste. Enkle rekvisittar mot ein kvit bakgrunnsvegg understreka posisjonane til forteljaren utan at dette vart teater. Forteljarkunst har sin eigen folkelege tradisjon som Anne Elisebeth Skogen arbeider i, og vekker til levande interesse for.

Forteljarprogrammet var det første av ein serie framføringar av litteratur i Galleri Lista Fyr denne våren

